

PROGRAM

LAURDAG 19. JUNI

Kl. 12.30: Kinnaspelet

Kl. 16.30: Kinnaspelet

SØNDAG 20. JUNI

Kl. 12.30: Kinnaspelet

Kl. 16.30: Kinnaspelet

Omvisning i kyrkja, gudsteneste, konsert, familietur med Barnas Turlag, historisk vandring og vikingaktivitetar blir kunngjort seinare på Kinnaspelet si heimeside og på Facebook.

KINNASPELET BLIR FRAMFØRT AV TEATER VESTLAND, MUSIKARAR OG CA.160 LOKALE AMATØRAR OG KORISTAR

Kinnaspelet har eit styre på sju.
Leiar i 2021 er Gustav Johan Nydal.

Teater Vestland er kunstnarleg ansvarleg. Dette inneber ansvar for instruktør, fem skodespelarar, musikk, orkester og lyd.

Musikalsk ansvarleg: Harald Dahlstrøm.

Tekst: Rolf Losnegård.

Musikk: Per Janke Jørgensen

Instruktør: Oda Alisøy

SKODESPELARAR I HOVUDROLLENE:

Reidun Melvær Berge – Borni / Sunniva

Idun Losnegård – Magrete prestefrille

Kyrre Eikås Ottersen – prest

Lars Berge – Tarve/ vikingkongen Ramn

Dansk fut – Knut Olaf Elvik




TEATER
VESTLAND



På grunn av koronasituasjonen og smittevern, får ein tildelt tidspunkt for avreise/retur»

BÅT FRÅ BERGEN, ASKVOLL OG KALVÅG

Eventuell båt frå desse stadane blir kunngjort seinare.



PRISAR FRÅ FLORØ		Teater og båt
Vaksne		550
Honnør		500
Barn under 16 år:	1. framsyning	200
	2. framsyning	gratis
Grupper (min. 10 pers.): Ta kontakt med Kinnaspelet for rabatt		



www.kinnaspelet.no

E-post: kinnaspelet@gmail.com

Tlf. 57 75 25 30



– Et fokusert
logistikselskap
HOVEDSPONSORAR



FOTOGRAFAR: ARNE OG HÅVARD STUBHAUG
GRAFISK PRODUKSJON: E. NATVIK PRENTEVERK AS, FLORØ

19. OG 20. JUNI 2021

Songen ved det store djup
Kinnaspelet



VELKOMEN TIL TEATER VED HAVET!

Ope hav og høg himmel, Kinnaklova og den gamle steinkyrkja frå 1100-talet er scenebildet som møter deg på Kinn. Her ute ved havet ligg ei av dei eldste kyrkjene i landet – der ingen skulle tru at nokon ville byggje ei kyrkje. Ingen veit sikkert kven som bygde ho. Dei gamle legendene fortel om heilage menn frå øyrika i Irskesjøen som busettesegher, truleg på 900-talet eingang. Her får du oppleve Kinnaspelet «*Songen om det store djup*», eit drama om kjærleik og svik, tvil og tru, då reformasjonen kom til Noreg i 1537 og kasta vrak på 500 år gammal kyrkjeleg tradisjon og levemåte. Teateret ved havet, der naturen og landskapet spelar med, er ei oppleving du ikkje finn maken til nokon annan stad.

DET HANDLAR OM

då danskekongen sin fut kjem til Kinn, og gjer kjent at pavekyrkja si tid er forbi. Kongen eig no alt kyrkjegods, og ein ny, luthersk prest må setjast inn. Bygdefolket slår spontant ring om presten og kyrkja. Dei feirar Seljumannamesse denne søndagen i 1537, den eldste kristne høgtida i Noreg. Denne dagen skal dei minnst dei heilage frå Selja og Kinn, slik det står nedskrive i lova frå 1024. Gjennom deira «lille kirkespill», eit «spel i spelet», blir vi med tilbake til 900-talet, og blir vitne til at den kristne prinsessa Sunniva på Irland rømmer frå vikingkongen Ramn. Med følgjet sitt legg ho ut på havet i båt utan segl, ror og årer, og let vind og havstraumar rå. Ho driv i land på Selja og blir St. Sunniva, helgen for Vestlandet. Søstera, Borni, driv i land på Kinn, og etter legenda var det ho som fekk bygd kyrkja på Kinn.

KINNAKYRKJE ER RESTAURERT OG DELVIS OPEN FOR PUBLIKUM

Den vakre Kinnakyrkja er ei av dei eldste steinkyrkjene i Noreg. Plasseringa ute i einsemda langt vest i havet, er heilt spesiell. Det same er skattane ho gøymer; flotte inventarstykker frå mellomalderen, sjeldne barokkinnslag og og ikkje minst det unike lektoriet frå 1200-talet. Sjølve kyrkjebygget har og høg verdi ved at det er endra så lite samanlikna med dei andre mellomalderkyrkjene. Alt dette gjer Kinnakyrkja til eit kulturminne både av nasjonalt og internasjonal format. I Kinnaspelet er kyrkja ein viktig del av scenebildet og handlinga i spelet. Dei siste to åra har kyrkja gått gjennom ei av dei største restaureringane i si 900-årige historie. Mellom anna er murane tetta med same sort mørtel som var brukt på 1100-talet. Nyare forskning har vist at denne held lenger i det harde klimaet på Kinn. Også tak, veggar, dører og vindaug har fått nødvendig opprustning. I samarbeid med kommunen, Riksantikvaren og Forsvarsbygg, har dyktige fagfolk gjenskapt Kinnakyrkja til den den kulturskatten den er. Du kan lese meir om Kinnakyrkja i programheftet.

KINNASPELET OG KORONA

Årets Kinnaspelet blir spesielt. På grunn av smittesituasjonen vil vi legge vekt på at det å reise på Kinn skal vere så trygt som mogeleg. Det vil vere redusert tal passasjerar på båtane, og ein vil organisere det slik at ein unngår kø på kaia, både i Florø og på Kinn. Dette gjer ein ved at det blir selt avgrensa tal på billettar til kvar framsyning og at ein får båtbillett til eit viss tidspunkt, både ved tur og retur.

AKTIVITETAR PÅ KINN DERSOM KORONASITUASJONEN TILLET DET

Blir kunngjort på Kinnaspelet si heimeside og på Facebook.

Tur rundt Kinn med Barnas Turlag

Familietur rundt Kinn med Barnas Turlag på laurdag. Ein vil nå 2. framsyning

Vikingaktivitetar

Dette er aktivitetar mellom 1. og 2. framsyning på søndag. Ein kan skyte med pil og boge, kaste med øks, male korn på kvernstein, steike brød i steinovn.

Historisk vandring med guide

Det er ein kort og ein litt lengre tur. Den eine rundt øya tilbake til kaia, den korte fram til Høgskaret.

Gudsteneste og konsert blir eventuelt ute på scena.

Turar på eiga hand

Kinn ligg godt til rette for turar på eiga hand. Det er skilta turstiar med informasjon i QR-kodar. Aktuelle turar er rundt øya, på Kinnafjellet og tur til Kinnaklova.

Kunstutstilling

med bilde av målarer frå Kinn, Harald Seim. Den er i atelieret hans som du finn rett opp for kaia. Her vil du og kunne kjøpe saueskinn av gammalnorsk spelsau frå Kinn

SAL AV MAT OG SUVENIRAR

vil det vere i to kioskar, ein ved kyrkja og ein ved kaia. Nytt av året er at det er lagt fiber på Kinn, så ein kan bruke betalingskort og vipps.

